

Containaren framleis misbrukt!**Hytte-containaren som Uskedalen fekk tilbake i sommar og som står plassert ved Gamleskulen bli framleis misbrukt!**

Denne skuffande meldinga får uskedalen.no tett innpå julekvelden.

Ein av oppsittarane har sett opptil fleire fastbuande som har nytta containaren i det siste, og det har også kome meldingar tidlegare om misbruk. Det er 'hyttefolket' både på Skorpo og fastlandet som skal bruka han.

- Eg er skuffa over mine sambygdingar. Vi fekk tilbake containaren på det klåre vilkår at han ikkje skulle misbrukast att, påpeikar ein av dei som har ringt oss.

(Foto: Ola Matti Mathisen)